



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Trond Aalstad, 55 57 22 29

Vår dato  
27.01.2010  
Dykkar dato  
15.01.2010

Vår referanse  
2007/3832 421.3  
Dykkar referanse

Voss kommune  
Postboks 145  
5701 Voss

### Voss - kommuneplan for Myrkdalen

Vi viser til brev frå Voss kommune 15.01.10 motteke her 19.01.10.

Vi viser og til tidlegare saksgang, seinast med brev om motsegn frå fylkesmannen 16.09.09, meklingsmøte i Myrkdalen 17.11.09 med referat og møte med Voss kommune og tiltakshavar hos fylkesmannen 18.12.09.

Voss kommune legg fram nytt planframlegg for kommunedelplan Myrkdalen. Det er gjort endringar for å kome motsegna i møte.

#### Omsyn til vassdrag

Er no sikra i føresegnar til planen om ei sone på 50 meter langs vassdrag der det ikkje kan setjast i verk bygge- og anleggstiltak. Denne bufferen skal også sikrast i reguleringsplan og det er sett krav om det i føresegnene.

#### Jovika og Myrkdalsdeltet

Jovika er teke ut av planen og omsynet til Myrkdalsdeltaet gjennom det ivareteke.

#### ROS

Det er utarbeid tilleggsutgreiing om risiko og tryggleik og temaet er ivareteke.

#### N7 – Flisram næringsområde

Er teke ut av planen.

#### N8 – Næringsområde på Skjervheimshaugen

Her ligg det inne i planen næringsbygg på inntil 600m<sup>2</sup> BRA. I drøftingar etter motsegnsbrevet har fylkesmannen akseptert at det kjem eit næringsbygg her oppe som ein del av det totale konseptet som skal spreie aktivitet på større område. Dette skal vere med å sikre at det vert ein heilskap i utbygginga, både i høve til fritidshus, infrastruktur, heisanlegg og løyper og serverering/varmestove. Bygga må dempast og trekkast inn på ryggen slik at det ikkje vert for eksponert. Dette må løysast i reguleringsplan. Det skal ikkje lagast veg opp til N8. Ut frå ei totalvurdering aksepterer fylkesmannen planen på dette feltet.

#### Landskap og utbygging i F3, F5 og F6

Øvste delen av alle tre delområde er teke ut av planen. Føresegnene seier at fordeling av tal einingar skal vere slik at det vert eit mindre tal i den øvre delen og høgare tal i nedre delen og

at det i reguleringsplan skal vere sonering som viser dette. Dette gjeld F3, F5 og F6. Fylkesmannen meiner kommuneplanen som overordna verkty no tek tilstrekkeleg omsyn til landskapet. På grunn av eksponert lokalisering vil det vere viktig at reguleringsplan for dei aktuelle områda vert detaljerte og gode nok i høve til særlege landskapsomsyn, både ved lokalisering og utforming av bygg, vegtrase, parkeringsløyseringar med meir. Fylkesmannen vil vurdere dette spesielt når det kjem til regulering av desse felta.

#### Omsyn til villrein


Dette punktet var i hovudsak knytt til Fr3 med heisanlegg og nedfartsløyper. Det reviderte framlegget frå kommunen er i samsvar med konklusjonane på møtet 18.12.09. Vestlegaste heisen er teke ut. Arealføremålet Fr3 er vesentleg redusert i den delen som er nærast det sårbare trekkområdet for villreinen og nedfartsløyper og areal som kan preparerast for nedfart er no eit godt stykke unna "flaskehalsen" for villreintrekk mellom Volaflokken og Vikafjellsflokken sine område.


I høve til verknadane for villreinen av den tunge utbygginga i Myrkdalen framover vil det etter fylkesmannen sin syn vere trong for eit fagleg overvakingssopplegg som skal sikre villreininteressene i området framover. Dette er teke opp med kommunen og tiltakshavar og vi har oppfatta eit felles ønskje om dette. Modellen på Dovrefjell kan vere døme på korleis dette kan organiserast. Fylkesmannen vil drøfte dette vidare med Voss kommune og tiltakshavar for reiselivssatsinga i Myrkdalen.

#### Konklusjon

Fylkesmannen trekker motsegna mot kommunedelplanen for Myrkdalen. Voss kommune kan eigengodkjenne planen.

Med helsing

  
Terje Aasen e.f.  
miljøvernsjef

  
Egil Hauge  
seksjonsleiar